




Informasjon om organisering og gjennomføring av **EKSAMEN**



ved
Kvinnherad vidaregåande skule

2025/2026

Innhald:

1.0 INNLEIING	3
2.0 NÅR OG I KVA FAG SKAL DU OPP TIL I EKSAMEN: 2.1 STUDIEFØREBUANDE UTDANNINGSPROGRAM	3
2.2 YRKESFAGLEGE UTDANNINGSPROGRAM	3
2.3 PÅBYGGING TIL GENERELL STUDIEKOMPETANSE VG3	3
3.0 SENTRALT GITT OG LOKALT GITT EKSAMEN	4
3.1 SENTRALT GITT EKSAMEN	4
3.2 LOKALT GITT EKSAMEN	4
4.0 HJELPEMIDDEL OG RETNINGSLINJER TIL SENTRALT OG LOKALT GITT EKSAMEN I KUNNSKAPSLØFTET	4
4.1 YRKESFAG	5
4.2 IKT-BASERT EKSAMEN.....	5
4.3 NETTBASERTE HJELPEMIDDEL.....	5
4.5 KVA SEIER FORSKRIFT TIL OPPLÆRINGSLOVA?.....	5
4.6 RETNINGSLINJER FOR LOKALT GITT EKSAMEN	6
5.0 GJENNOMFØRING AV EKSAMEN	6
5.1 EKSAMENSDAGEN	6
5.2 I EKSAMENSLOKALET	6
5.3 UNDER EKSAMEN	6
5.4 NÅR DU ER FERDIG	7
6.0 VIKTIGE OPPLYSNINGAR OM EKSAMEN PÅ PC	8
7.0 INFORMASJON OM DIGITAL EKSAMEN.	9
7.1 PÅLOGGING FOR GJENNOMFØRING AV DIGITAL EKSAMEN:	9
8.0 ANNULLERING AV EKSAMEN	9
9.0 FUSK OG PLAGIAT TIL EKSAMEN	9
9.1 KVA ER FUSK?.....	9
9.2 KVA ER KONSEKVENSAVE AV FUSK TIL EKSAMEN?	9
9.3 KVA ER PLAGIAT?	10
9.4 KVA VERT KONSEKVENSAVE VED PLAGIAT?	10
9.5 KVA HJELPEMIDDEL ER LOV OG IKKJE LOV Å NYTTA?	10
10.0 BORTVISING FRÅ EKSAMEN	10
11.0 KLAGE PÅ EKSAMEN	10
11.1 GENERELT OM KLAGE PÅ EKSAMEN	10
11.2 KLAGEFRIST FOR EKSAMINANDAR	10

1.0 Innleiing

Alle elevar skal før eller seinare opp til eksamen i vidaregåande skule. Det er derfor viktig at du som elev er godt førebudd når denne dagen kjem. Den viktigaste førebuinga er sjølvsagt at du som elev held deg oppdatert i faga og at du arbeider godt med faga heile skuleåret.

Denne rettleiinga handlar først og fremst ikkje om korleis du førebur eksamen, men om korleis eksamen praktisk vert gjennomført ved Kvinnherad vidaregåande skule. Det er viktig at du set av tid til å lese gjennom rettleiaren før eksamen, slik at du veit kva som skjer på eksamensdagen og i eksamenslokalet.

2.0 Når og i kva fag skal du opp til i eksamen:

2.1 Studieførebuande utdanningsprogram

Vg1

Ca. 20 % av elevane skal trekkast ut til eksamen i eitt fag, skriftleg, munnleg eller munnleg-praktisk. I enkelte læreplanar kan elevane trekkast ut i både skriftleg og munnleg eksamen.

Vg2

Alle elever skal trekkast ut til eksamen i eitt fag, skriftleg, munnleg eller munnleg-praktisk. I enkelte læreplanar kan elevane trekkast ut i både skriftleg og munnleg.

Vg3

Alle elevar skal opp til obligatorisk skriftleg eksamen i *norsk hovudmål* eller *samisk som førstespråk*.

Eksamen i *norsk sidemål* er trekkfag. Dette gjeld også faga norsk for elever med *samisk som førstespråk*, *samisk som andrespråk*, *finsk som andrespråk* og teiknspråk *tekstskaping*.

Elaver med fritak for vurdering i *norsk sidemål* skal trekkast ut i andre fag.

I tillegg til obligatorisk eksamen i *norsk hovudmål* eller *samisk som førstespråk*, skal elevane trekkast ut til:

Studiespesialiserande utdanningsprogram

I programområde for realfag og i programområde for språk, samfunnsfag og økonomi skal elevane trekkast ut til skriftleg eksamen i to fag. I tillegg skal elevane trekkast ut til éin munnleg, praktisk eller munnleg-praktisk eksamen. I enkelte programområde er det mogeleg å velja fordjuping som gjer det umogeleg å tilfredsstillе kravet til tal skriftlege eksamenar. I desse tilfella kan skriftlege eksamenar erstattast med munnlege eller munnleg-praktiske eksamenar. Det vert understreka at dette berre skal nyttast dersom det ikkje er mogeleg å oppfylle kravet til tal skriftlege eksamenar.

2.2 Yrkesfaglege utdanningsprogram

Vg1 og Vg2

Alle elevar på Vg2 skal opp til ein obligatorisk tverrfagleg eksamen i programfag. I tillegg skal ca. 20 % av elevane på Vg1 og Vg2 trekkast ut til eksamen i eitt fag. Parten på 20 % skal sjåast over ein to-års periode.

2.3 Påbygging til generell studiekompetanse Vg3

Alle elevar skal opp til obligatorisk skriftleg eksamen i *norsk hovudmål* eller *samisk som førstespråk*.

Eksamen i *norsk sidemål* er trekkfag. Dette gjeld også faga *norsk for elever med samisk som førstespråk*, *samisk som andrespråk*, *finsk som andrespråk* og *teiknspråk tekstskaping*.

Elevar med fritak for vurdering i norsk sidemål skal trekkast ut i andre fag.

I tillegg til den obligatoriske eksamenen skal elevane trekkast ut til éin skriftleg eksamen, og éin munnleg eller munnleg-praktisk eksamen.

3.0 Sentralt gitt og lokalt gitt eksamen

3.1 Sentralt gitt eksamen

Sentralt gitt eksamen vert utarbeidd av Utdanningsdirektoratet og er lik for alle elevar i heile landet. Kva tid dei ulike faga har eksamen er lagt ut på [UDIR](#) si heimeside. Eksamensplanen for våren 2026 finn du ved å klikka på linken under:

Link: [Eksamensplan vår 2026](#) Link: [Informasjon om eksamen 2026](#)

3.2 Lokalt gitt eksamen

Lokalt gitt eksamen er alle eksamenar som ikkje er laga av Utdanningsdirektoratet. Det er tre ulike former for lokalt gitt eksamen. Læreplanen for det enkelte faget har føringar for kva form for eksamen som skal avviklast.

4.0 Hjelpemiddel og retningslinjer til sentralt og lokalt gitt eksamen i Kunnskapsløftet

Sentralt gitt skriftleg eksamen har to hovudmodellar for hjelpemiddel. Her finn du informasjon om bruk av hjelpemiddel til dei to modellane.

Modell 1 - Eksamen

Alle hjelpemidla er tillatne. Tilgjengelege og lovlege nettressursar, sjå avsnitt om nettbaserte hjelpemiddel (Lovlege nettressursar ligg på Vigo, alt anna er sperra inkl. Chat Gpt.)

Les meir her: [Hjelpemiddel eksamen](#)

Modell 2 – Todelt eksamen

Del 1 – Skrivesaker og linjal er tillate.

Del 2 – Alle hjelpemiddel er tillatne. Nettbaserte hjelpemiddel er avgrensa. (Sjå avsnittet om nettbaserte hjelpemiddel s. 5)

Desse faga følgjer modell 2 for hjelpemiddelbruk utan førebuingssdel: Matematikk, fysikk, kjemi, biologi og samfunnsøkonomi 2.

Språkfag:

Eng. VG1: Engelsk1007, Eng1009. Framandspråk: Tysk og spansk, skal alle gjennomførast i Safe Exam Browser. Det betyr at ingen digitale hjelpemiddel er tillat.

Les meir om det her: [Safe Exam Broser 2026](#)

4.1 Yrkesfag

Sjå <https://eksamensplan.udir.no/eksamen/NOR1262> for detaljar om eksamen.

4.2 IKT-basert eksamen

IKT-basert eksamen er **normalordning** i alle fag unntateke matematikk, fysikk, kjemi, biologi og samfunnsøkonomi 2 som har to-delt eksamen, sjå hjelpemiddel for eksamen. Eksamenssvara skal leverast i prøvegjennomføringssystemet PAS/PGS

4.3 Nettbaserte hjelpemiddel

I Vestland er det skuleeigar som avgjer kva nettbaserte hjelpemiddel som er lov å nytta under eksamen. Nettbaserte hjelpemiddel vil seie læringsressursar, oppslagsverk eller ordbøker.

Det er ikkje tillate med samskriving, chat og andre måtar å utveksla informasjon med andre under eksamen.

Omsetjingsprogram er heller ikkje tillate i norsk, samisk, finsk som andrespråk, engelsk og framandspråk.

Sjå: <https://www.skoleportalen.no/>

Nettadresser som blir tilgjengeleg under eksamen 2026 er:

<https://www.vestlandfylke.no/eksamenslenker>

For å gjera det enklare å finne adressene under eksamen kan du som elev legge adressene til i favorittar/bokmerke.

Praktisk informasjon og tips til førebuing:

[Her finner du praktisk informasjon til bruk under eksamen.](#)

4.5 Kva seier forskrift til opplæringslova?

[Opplæringsforskrifta](#) legg føringar for eksamen som de må følge når vi utviklar og vurderer eksamen.

Her står det at:

- Sluttvurderinga skal gi informasjon om kompetansen til eleven, lærlingen, lære kandidaten eller praksisbrevkandidaten ved avslutninga av opplæringa i fag. (§9-15).
- Eksamen skal vere i samsvar med kompetansemåla i læreplanen (§ 9-25).
- Kompetansemåla skal forståast i lys av teksten om faget i læreplanen (§ 9-1).
- Eksamen skal gi eleven eller privatisten høve til å vise sin kompetanse i så stor del av faget som mogleg ut frå eksamensforma (§9-25).
- Ein eksamenskarakter skal vere uttrykk for den kompetansen kvar enkelt elev eller privatist viser på eksamen. (§9-25).

Meir info finn du her: [Eksamen](#)

4.6 Retningslinjer for lokalt gitt eksamen

Vestland Fylkeskommune har egne retningslinjer for lokalt gitt eksamen. Her finn du informasjon: [Lokal gitt eksamen Vestland](#)

5.0 Gjennomføring av eksamen

5.1 Eksamensdagen

- Eksamen startar klokka 09.00, og avsluttast etter fem timar, om ikkje anna er oppgitt.
- Møt opp i god tid (minimum 30 minutt før).
- Det er ditt ansvar å ha med dei hjelpemidla som er tillatne. Dersom du er usikker på kva hjelpemiddel som kan nyttast, spør du faglæraren din om dette.
- Kvar du skal møte og sitje finn du på oppslag i inngangspartiet.
- Plassen du skal sitja på er merka med ditt namn.
- Dersom du har vedtak om særskild tilrettelegging av eksamen i form av utvida tid, vil vedtaket vere avgjerande for når eksamen skal avsluttast.
- Elevar og privatistar som møter opp til eksamen for seint, men før kl. 10.00, får gjennomført eksamen, men får ikkje kompensert for tapt tid.
- Dei som møter kl. 10.00 eller seinare, får ikkje gjennomføre eksamen.
- Det skal som hovudregel ikkje vere høve for elevar og privatistar til å forlate eksamenslokalet før kl. 10.00. Unntak må vurderast konkret, der omsynet til ei sikker eksamensgjennomføring og omsynet til helsa til den det gjeld veg tungt.

5.2 I eksamenslokalet

- Eksamenslokalet opnar for elevane seinast kl. 08.45
- På pulten som du skal sitje ved, ligg det ein lapp med namnet ditt og kandidatnummer. På pulten ligg det òg innførings- og kladdepapir, dersom eksamensforma krev det.
- Det er ikkje lov å flytta over på ein annan pult.
- På pulten har du lov til å ha: Skrivesaker, mat og drikke, samt lovlege hjelpemiddel.
- Sekkar, vesker og posar skal setjast langs vegg i eksamenslokalet.
- Mobiltelefon, klokke og anna utstyr som kan koplatt til nett og/eller brukast til kommunikasjon skal slåast heilt av, og liggja i sekken/veska under eksamen.

5.3 Under eksamen

- Det er ikkje lov å kommunisere på noko vis med andre elevar under eksamen.
- Det er ikkje lov å låne ting eller hjelpemiddel av andre elevar. Vaktene vil likevel prøva å hjelpa deg.
- Dersom du treng meir papir, skal på toalettet, vil ut for å lufte deg, eller andre ting, må du kontakte ei vakt ved å rekkje opp handa.

5.4 Når du er ferdig

- Før du leverer inn skal du skriva inn nødvendige opplysningar i headinga på eksamenspapira. **Ikkje** skriv namnet ditt på ark eller filer du leverer inn. Kontroller alltid i etterkant at du har fått med opplysningane på arka. Nummerer arka og skriv nummer på kvart ark. (Ved digital eksamen vert sidenummer og tal sider ført automatisk.)

Topptekst:

Kandidatnummer:	Fagkode:	Sidenummer:	Antal svar ark totalt:
		1	1 av 1

- **Levering av eksamensoppgåva:**
- Ved digital eksamen er det viktig at du sjekkar at det er **rett fil** du lastar opp eller leverer inn. Opplysningane ovanfor må vera med i alle filer som du leverer
- Når du er klar til å levera inn svaret ditt, må du gje teikn til vakta. Vakta kontrollerer at du har ført på rett kandidatnummer og fagkode.
- Ved innlevering via PAS (digital eksamen) må du vente med å pakke saman til vakta har sjekka av svaret ditt er levert og at du får opp kvittering på skjermen.
- Dersom det oppstår problem med levering av digital eksamen, vil vakta ta kontakt med dei eksamensansvarlege ved skulen.
- Ikkje forlat eksamenslokalet før vakta har godkjent dette.

6.0 Viktige opplysningar om eksamen på PC



Bruk av pc under eksamen

På eksamenar der alle hjelpemiddel er lovleg, kan du bruke alt innhald og programvare som er på pc-en din.

Eleven er sjølv ansvarleg for at PC som skal nyttast til eksamen er i god stand og har dei rette og naudsynte programvara.

Tilgang til internett skal vera avgrensa til dei digitale sidene som er godkjente til bruk under eksamen. Dersom du oppdagar at du har tilgang til ope nett, må du gje beskjed til ei av vaktene med ein gong. Det er ikkje lov å kommunisere på noko vis under eksamen.

Programvare som kan omsetje tekst direkte til eit anna målføre eller språk er ulovleg å bruke under eksamen i språkfaga.

Alle former for eller forsøk på juks under eksamen medfører at eksamen ikkje vert godkjent.

Mobiltelefon i eksamenslokalet



Mobiltelefonen skal vera heilt avslått og ligge i veska eller sekken din under eksamen!

Mobiltelefon, klokker og anna utstyr som kan koplatt til nett og/eller brukast til kommunikasjon skal slåast heilt av, og liggja i sekken/veska under eksamen. Telefonar som står på under eksamen vert sett på som forsøk på juks, og medfører at eksamen vert annullert.

Digital eksamen (PGS)

Tekniske opplysningar

- Skriv inn topptekst
- Topptekst: Kandidatnummer og fagkode
- Skriftstorleik: 12
- Skrifttype: Times New Roman eller tilsvarende
- Linjeavstand: 1,5
- I nokre oppgåver kan det vera krav om anna skrifttype/ skriftstorleik.
- Du må skrive nummer og tittel på oppgåva.
- Filnamn på oppgåve er kandidatnummeret
- **Hugs å lagre ofte!**

Kandidatnummer:

Du finn nummeret på eit ark på pulten din

Oppgåvekode:

Koden står på eksamensoppgåva di, og blir opplyst av eksamensansvarleg før eksamen startar.

7.0 Informasjon om digital eksamen.

Informasjon om sentralt gitt eksamen finn du på UDIR. Disse blir gjennomført digitalt.

<http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen-videregaende/>

7.1 Pålogging for gjennomføring av digital eksamen:

Lenke: <https://kandidat.udir.no/>

Alle skal logge seg inn via Feide eller med brukarnamn og passord
Brukarnamn (kandidatnummer) og kandidatpassord får du av eksamensvakta

Deretter lastar du ned eksamensoppgåva og svarar på denne ved hjelp av datamaskin. Etter at prøvesvaret er ferdig, leverer du dette som ei fil som du lastar opp i det same systemet. Alternativt så svarar du og følger oppsett på eksamensoppgåva.

8.0 Annullering av eksamen

Dersom ein elev har vore oppe til eksamen i eit fag der han eller ho ikkje får standpunktkarakter, blir eksamen annullert. Elevar og privatistar i vidaregåande opplæring som har fått eksamenen sin annullert av Utdanningsdirektoratet, har rett til å gå opp til ny eksamen ved første etterfølgjande eksamen.

Eksamen i eit fag kan annullerast dersom eleven eller privatisten har fuska eller forsøkt å fuske ved eksamen. Dette gjeld også dersom det er sensorane som oppdagar fusk eller forsøk på fusk. Spørsmålet om annullering av eksamen i faget skal avgjerast av rektor sjølv for elevar. Eleven skal ha høve til å uttale seg munnleg før rektor fattar enkeltvedtak om annullering av eksamen. Eleven eller privatisten har likevel rett til å fullføre eksamen på eksamensdagen. Enkeltvedtak om annullering av eksamen kan påklagast til Fylkesmannen.

9.0 Fusk og plagiat til eksamen

9.1 Kva er fusk?

Det er fusk å kommunisere med andre. I tillegg er det fusk å bruka omsetjingsprogram i språkfag. I fag som har todelt eksamen er det fusk å bruka hjelpemiddel på del 1 av eksamen.

Det er viktig å vera merksam på at det kan vera ulike regler for kva som er fusk på prøvar undervegs i skuleåret, og kva som er fusk til eksamen. Konsekvensen av fusk er heimla i forskrift til opplæringslova, §9-42.

9.2 Kva er konsekvensane av fusk til eksamen?

Det er svært alvorleg å fuska til eksamen. Konsekvensane av fusk eller forsøk på fusk er:

- Eleven kan få eksamen i faget annullert.
- Eleven som får eksamen annullert, mister standpunktkarakteren i faget.
- Elevar i vidaregåande opplæring og privatister kan tidlegast gå opp til ny eksamen eitt år etter.

9.3 Kva er plagiat?

Usjølvtendig bruk av kjelder byggjer på åndsverkslova §3 som seier at opphavspersonen til verket/kjeldene det blir sitert ifrå, skal namngjevast slik god skikk tilseier.

Når alle hjelpemiddel er tillatne til eksamen, er det ikkje fusk å bruke kjelder. Dersom kandidaten bruker kjelder, skal desse gjevast opp på ein etterretteleg måte. Sitat/parafrese utan å oppgi kjelder er plagiat. Dette er omtalt både i eksamensrettleiingane og i informasjonsdelen til eksamensoppgåva.

Du finn eksamensrettleiingane her:

<https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/forberede-og-ta-eksamen/>

9.4 Kva vert konsekvensane ved plagiat?

Når ein elev i stor grad nyttar «klipp og lim» frå andre sine tekster, kan det være vanskeleg å sjå eleven sin individuelle kompetanse. Usjølvtendig bruk av kjelder blir vurdert til ei lågare grad av oppnåeleg mål.

9.5 Kva hjelpemiddel er lov og ikkje lov å nytta?

Til sentralt gitt skriftleg eksamen er alle hjelpemiddel tillatne, med nokre unntak. Det er fusk å bruka internett, kommunisera med andre, ta i bruk omsetjingsprogram i norsk, samisk, finsk som andrespråk og framandspråk. I matematikk, fysikk, kjemi, biologi er det i tillegg fusk å bruka hjelpemidla på del 1 av eksamen.

10.0 Bortvising frå eksamen

Elevar og privatistar skal ikkje hindre eller forstyrre gjennomføringa av eksamenen. Dersom åtferda til ein elev eller ein privatist er i strid med denne føresegna, kan eleven eller privatisten, etter å ha blitt åtvara, visast bort. Bortvising skal avgjerast av rektor sjølv og er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen. Eleven eller privatisten skal ha høve til å uttale seg munnleg for rektor, før rektor eventuelt fattar enkeltvedtaket om bortvising. Dersom ein elev i vidaregåande opplæring eller ein privatist får medhald i klagen, har han eller ho rett til ny eksamen ved første etterfølgjande eksamen.

11.0 Klage på eksamen

11.1 Generelt om klage på eksamen

Forskrift til opplæringslova kapittel 5 gjeld klage på vurdering.

11.2 Klagefrist for eksaminandar

Når skulen får ein klage på skriftleg eksamen, skal skulen registrere klagen og sende eksamenssvaret til statsforvaltaren som har ansvar for klagebehandlinga.

Ordinære klagar:

Alle ordinære klagar må være hos den av statsforvaltarane som er ansvarleg for klagebehandlinga **innan utgangen av 1. juli 2025**.

Oversikt over kven som har ansvar for klagebehandlinga finn du i PAS-eksamen under menypunktet "klageansvar".

Det er viktig at fristen blir halden, slik at rettane til kandidatane blir sikra. Alle ordinære klagar må være ferdigbehandla **innan 10. september 2026**.

Dersom klagen blir sendt etter fristen, må skulen eller privatistkontoret grunngje årsaka skriftleg til den av statsforvaltarane som har ansvar for klagen i faget.

Eksamensresultatet frå fellessensuren vert gjort kjend 17., 18., 19. juni. Du finn eksamensresultatet ditt på <https://kandidat.udir.no/>

Hurtigklage våreksamen:

Kandidatar som ønsker rask behandling av klagar i dei faga der det er mogleg, må rekne med å få ein forkorta klagefrist.

*For at klagar i desse faga skal kunne handsamast saman med hurtigklagebehandlinga, må dei vere hos statsforvaltaren som er ansvarleg for klagebehandlinga **24. juni 2026 seinast kl. 12.00**.*

Hurtigklagebehandlinga skal gjennomførast i veke 26 for alle fag.

Hurtigklage forutsett at statsforvaltaren har kvalifiserte sensorer til klagebehandlinga i faget.

Registrering og sending av klage

- Eleven klager i InSchool, skulen registrerer alle klagane i PAS-eksamen.
- IKT-baserte svar blir tilgjengelege for klagenemndene som ved primærsensuren.

For svar skrive på papir

- Når skulane sender inn papirsvar, skal originalsvaret sendast saman med ein følgeseddel som blir skriva ut frå eksamenstenesta under "Kandidatstatus, karakter og klage".
- Dokumenta må sendast som registrert post med spring («Ekspress over natta») til mottakaren. **Merk konvolutten med: "Klagebehandling"**.